

Nordhordland husflidslag
v/Broderinemnda
Vigdis Olsen
Søre Lerøyna 26
5943 Austrheim

Isdalstø 11.09.17

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger


Vedr.: Disponering av rom i Gamle Prestegarden, Manger

Broderinemnda er ei nemnd under Nordhordland Husflidslag. Mandatet til nemnda er innsamling og registrering av gammalt broderi, både pryd- og nytteting. Vi både får og låner broderi og mønster frå privatpersonar. Nemnda sine medlemmer har fått opplæring i arbeidet ved museumssenteret i Salhus.

I fleire år har Radøy kommune velvillig stilt lokaler i Gamle Prestegarden til disposisjon for nemnda. Her har vi kontor og lager, samt utstyr som vi nyttar i registreringsarbeidet. Dette er til uvurderleg hjelp for oss. I tillegg låner vi det store møterommet i 1.etasje ein gong i månaden der vi arrangerar broderikveldar som er opne for alle.

Broderinemnda vil med dette søkja om å få forlenga dagens ordning med å få disponera rom i Gamle Prestegarden på Manger.

Med venleg helsing
Nordhordland husflidslag
Broderinemnda


Vigdis Olsen
Leiar